

Oppfølgingsliste 4/2018

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Sak-nr	Saker som er tekne opp	Dato	Oppfølging KU	Status
19/17	FR – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune	26/04	31.12.2017	<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<ol style="list-style-type: none">a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:<ol style="list-style-type: none">i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføreii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåingc. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017 <p>FT behandla saka same dag i FT-sak 10/17, og gjorde slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:

				<ul style="list-style-type: none"> a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd. b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar. c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017</p>
6/18	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning		27.02.2018	<p>1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.</p> <p>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.</p> <p>3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.</p>
29/17	FR – Arkiv og offentlegheit - rapport	30/05	Januar 2018	<p>Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <p>1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning.</p> <p>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017 <ul style="list-style-type: none"> • Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapporten ii. Oppdatere og samle rutine og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument. iii. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument. iv. Utarbeidde rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga.

				<p>v.Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista.</p> <p>vi.Gjennomgå rutineane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.</p> <p>vii.Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.</p> <p>viii.Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutineane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.</p> <p>b.Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapporten <p>vi.Gjennomgå rutineane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.</p> <p>vii.Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.</p> <p>viii.Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutineane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.</p> <p>ix.Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.</p> <p>d.Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10 <p>i.Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert</p>
--	--	--	--	--

				<p>gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.</p> <p>ix.Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.</p> <p>x.Sikre at dei tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer</p> <p>3.Fylkesrådmannen rapporterer til kontrollutvalet gjennomføringa av dei tre hovudpunkta i etterkant av datoane for ferdigstilling av det enkelte hovudpunkt.</p> <p>Saka vart handsama 13. juni av fylkestinget, som vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.</p>
1/18	FR – Arkiv og offentlegheit - Oppfølging	27/02	27.02.2018	<p>Vedtak</p> <p>1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit for det meste er ferdig, men at det framleis står att litt arbeid før alt er på plass.</p> <p>2. Utvalet ber om at prosedyre for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege i tråd med vedtak punkt 2b, ix i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.</p>
48/17	FR – Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs - prosjektplan	21/11		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Prosjektplanen vert godkjend slik den ligg føre. 2. Kontrollutvalet ber revisor om å endre metode frå spørjeundersøking til fokusgruppeintervju (pkt. 3.3 i prosjektplanen) for å få elevane sine synspunkt knytt til utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule 3. Kontrollutvalet forventar rapport innan 23. mai 2018
15/18	FR – Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs - prosjektplan	03/04		<p>FR Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs: Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Situasjonen er den same som ved sist statusrapportering. Arbeidet er ikkje heilt i rute og det er risiko for at revisjonsrapport ikkje rekk å vera ferdig til fristen 23.05.18.</p>
25/18	FR – Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs - prosjektplan	22/05		<p>Vedtak:</p> <p>Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i høve</p>

				forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Den er enno ikkje heilt ferdig og ny frist for levering vert sett til 20.08.2018. IKKJE AVSLUTTA
51/17	Møteplan KU 2018	21/11		Vedtak: 1. Møteplan for kontrollutvalet 2018: Tysdag 20. februar Tysdag 3. april Tysdag 22. mai (blir vurdert gjennomført som telefonmøte) Mandag 4. juni Tysdag 28. august Tysdag 25. september Tysdag 20. november AVSLUTTA
25/18	Møteplan	22/05		Sekretariatet opplyste om at dersom sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune fortsatt skal vera sekretær for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune etter sumarferien må vi finna ein ny dato for møtet 28.08.2018 då det kolliderer med anna møte som er avtalt. Dette vert vurdert endeleg i møte 04.06.2018. AVSLUTTA
56/17	FR Innkjøp - rapport	13/12		Vedtak: 1. Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet. 2. a. Før saka vert handsama på nytt ber kontrollutvalet om at kontrollsjefen utgreier følgjande evt. får gjennomført ei ekstern vurdering, og legg vurderingane inn i saka eller i fleire saker: i. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for kjøp av reinhaldstenester ved Sogn Jord- og hagebruksskule, og inkludere denne informasjonen i saka, med framlegg til korleis følgje opp saka. ii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for gjennomføring og seinare avlysing av konkurranse om kjøp av varmesentralar med varmpumpe av type vatn/vatn i fylkeskommunale bygg, og gjere ei vurdering av bakgrunnen for avlysinga. iii. Be fylkesrådmannen om å skriftleg gjere greie for prosessen og vurderingane med anskaffing av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i Sogn og Fjordane. Spesielt ber kontrollutvalet om ei vurdering av om ein i

				<p>konkurransesgrunnlaget og gjennomføringa av konkurransen har sikra seg tilstrekkeleg mot sosial dumping, og korleis dette vert handtert i kontraktsoppfølginga.</p> <p>b. Kontrollutvalsleiaren vert bedt om å oppmode kontrollutvala i dei 12 berørte kommunane om å stille følgjande spørsmål til sin eigen administrasjon, og melde dette tilbake til kontrollsjefen:</p> <p>i. Kva fullmaktsstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtar i regi av Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?</p> <p>ii. Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?</p> <p>iii. Korleis har kommunen vurdert drøftingsplikta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?</p> <p>iv. I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?</p> <p>v. Korleis er kontraktsoppfølginga av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?</p> <p>vi. Andre relevante spørsmål som kontrollutvalsleiaren, i samråd med kontrollsjefen finn naudsynt.</p> <p>3. Kontrollsjefen får mynde til å nytte seg av revisor eller anna naudsynt intern og/eller ekstern kompetanse i den grad det er naudsynt for å vurdere opplysningane i saka.</p> <p>Kontrollutvalet vil kalle inn administrativ kompetanse som fylkesrådmannen, økonomisjefen, innkjøpssjefen, bygg- og eigedomssjefen og fylkesdirektør for samferdsle for å svare på spørsmål knytt til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten og dei andre sakene i den grad utvalet vurderer det som føremåltentleg. I tillegg vert representant for Fagforbundet og eventuelt andre relevante aktørar invitert til å orientere utvalet. Kontrollutvalsleiar kan i samråd med kontrollsjef vurdere om intervjua/orienteringane skal gjennomførast som ei eiga kontrollhøyring.</p>
2/18	FR Innkjøp - tilleggsrapport	27/02		<p>i. Ketil Kvammen har fått bestilling på å svare på tre juridiske spørsmål, frist midten av mars.</p> <p>ii. Sekretariatet blir beden om å lage samanstilling av svar frå kommunane når det rammeavtale om helsevikarar. Frist</p>

			<p>for svar frå kommunane er sett til 15.3.18</p> <p>iii. Eventuell høyring – Det vart semje om å heller kalle inn fylkesrådmann, økonomidirektør og innkjøpssjef kvar for seg i møte, i motsett rekkefølge, for å svare på spørsmål</p> <p>iv. Forvaltningsrevisjonen vert lagt fram til handsaming i neste møte for vidareending til fylkestinget</p>
14/18	FR Innkjøp - rapport	03/04	<p>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning 2. Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvaltningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressursituasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte. 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik: <ul style="list-style-type: none"> a. oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk b. syte for at rutinar og retningsliner er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen 4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte desse to siste punkta inn i det førebunde arbeid som

				<p>pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.</p> <p>5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018.</p> <p>Vedteke i TING 17.04.18 IKKJE AVSLUTTA</p>
22/18	Rullering av plan	22/15		<p>1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.</p> <p>2. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 24.05.2018 for vidare handsaming i møte 04.06.2018, eventuelt at den vert lagt fram i møtet.</p> <p>3. Revidert plan skal danne grunnlag for felles prosessmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.</p> <p>IKKJE AVSLUTTA</p>
58/17	FR Reiseliv – bestilling	13/12		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet godkjenner bestillinga slik den ligg føre. 2. Kontrollutvalet ber om at bestillinga vert sendt til Deloitte AS <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan. 2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan. 3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar. 4. Det er ønskjeleg at Deloiite kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten. 5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd. <p>IKKJE AVSLUTTA</p>
3/18		27/02		
20/18	Årsrekneskap 2017	22/05		<ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 25.09.2018 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisorbrev 05-2018 frå SF-revisjon IKS. 2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2017.

				IKKJE AVSLUTTA
5/18	Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 – Forslag til prosjektplan	27/02		<p>1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i 2017, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.</p> <p>2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.</p> <p>3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.</p> <p>4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.</p> <p>IKKJE AVSLUTTA</p>
7/18	FR – HMT og inkluderande arbeidsliv	27/02		<p>1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv.</p> <p>2. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt til å sende bestilling til Deloitte med levering av forslag til prosjektplan til neste møte. Frist for levering til sekretariatet er 14.03.18.</p> <p>3. Møte i kontrollutvalet 3.4.18 startar kl. 12.00.</p> <p>4. Kontrollutvalet tek elles framlagd årsplan til etterretning.</p> <p>IKKJE AVSLUTTA</p>
13/18	GDPR	03/04		<p>1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 25.09.2018.</p> <p>2. Den skriftlege orientering bes sendt sekretariatet innan 10.09.2018.</p> <p>3. Informasjonen vert elles teken til orientering.</p> <p>IKKJE AVSLUTTA</p>
15/18	Ekstra godtgjersle leiar	03/04		<p>Ekstra godtgjersle til leiar</p> <p>Leiar orienterte om status i saka og at det er fylkestinget som til slutt skal ta avgjerd.</p> <p>IKKJE AVSLUTTA</p>
25/18	Dialogmøte SEKOM og Vest-kontroll	22/05		<p>Nestleiar i kontrollutvalet orienterte om at han og leiar i kontrollutvalet skal ha dialogmøte med SEKOM og Vest-kontroll 28.05.2018.</p> <p>AVSLUTTA</p>
23/18	Årsmelding 2017 - kontrollutvalet	22/05		<p>Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:</p> <p>1. Årsmelding 2017 for kontrollutvalet vert godkjent slik den ligg føre.</p> <p>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p>

				<p>1. Årsmelding 2017 for kontrollutvalet vert teken til orientering. IKKJE AVSLUTTA</p>
25/18	Folkevaldopplæring	22/05		<p>Sekretariatet opplyste om at felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skal haldast 8. – 9. januar 2019 eller 9. – 10. januar 2019. IKKJE AVSLUTTA</p>
27/18	Skriv, meldingar og orienteringar KU 040618	04/06		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte <ol style="list-style-type: none"> a. Utdannings- og yrkesrådgjeving Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. <p>Den er enno ikkje heilt ferdig men vert levert innan 20.08.2018. AVSLUTTA</p> b. FR Reiseliv Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. <p>Dette arbeidet er så langt i rute. AVSLUTTA</p> c. HMT og inkluderande arbeidsliv Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. <p>Dette arbeidet er så langt i rute. AVSLUTTA</p> 2. Orientering frå leiar i kontrollutvalet <ol style="list-style-type: none"> a. Innkalling til representantskapsmøte 08.06.2018 i Trivselshagen er motteke. Karoline Bjerkeset deltar i møtet på vegne av kontrollutvalet. AVSLUTTA b. BT signal skal ha generalforsamling 14.06.18. Ingen frå kontrollutvalet skal vera til stades. AVSLUTTA c. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterte om prosess dei har hatt i høve SEKOM og Vest

				<p>kontroll når det gjeld sekretariatsordning for deira kommunar. Leiar og nestleiar hadde møte med styreleiarane i selskapa 28.05.2018. Innstillinga til fellesnemnda går som kjent ut på at kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrår at sekretariatsordninga for Vestland fylkeskommune skal organiserast på same måte som i dag, med eigne tilsette i fylkeskommunen. Om det skal vera eit samarbeid med SEKOM og Vest kontroll må det vera på bakgrunn av ein avtale etter ein konkurranse eller vertskommune samarbeid. Vest kontroll har gjort vedtak om at dei vil ha det som i dag. Dei er likevel i dialog med SEKOM og eventuelt andre sekretariat nordover til Møre. SEKOM har ikkje bestemt kva dei vil, men vil melde tilbake over sumaren kva dei vil gå inn for. Det er planlagt nytt møte med SEKOM og Vest kontroll til 02.10.2018.</p> <p>Informasjonen frå leiar vart teken til orientering.</p> <p>3. Orientering frå sekretariatet</p> <p>a. Møte i KU 28.08.2018 kolliderer med anna møte sekretariat for kontrollutvalet Hordaland fylkeskommune skal ha. For å sikre at dei eventuelt kan bistå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane i første møte etter sumarferien vart møtet endra til 06.09.2018. Møtet skal haldast i Måløy med oppmøte kvelden før. Det kan t.d. leggjast inn besøk på Måløy vgs. Sekretariatet vert bedne om å lage ei skisse til program som vert send medlemmene i utvalet til uttale før iverksetting.</p> <p>AVSLUTTA</p> <p>Når det gjeld møtet 25.09.2018 er det ønskeleg å få til felles møte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Det er vanskelig for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune å endre datoen då det er kombinert med politikardagar. Utvalet er kjend med at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune etter</p>
--	--	--	--	---

				<p>planen skal ha møte 24.09.2018 og det er ønske om at dei kan endre til dagen etter.</p> <p>b. Folkevaldopplæring i januar 2019 Sekretariatet orienterte om at folkevaldopplæringa skal haldast i januar 2019. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane kom med slike forslag til tema: Presentasjon av case frå kvar fylkeskommune, innkjøpsrutinar og utfordringar med det, etikk, mobbing i skulen (nytt regelverk frå 2017), samanhengar og samhandling (intern kontroll), arbeidslivskriminalitet.</p> <p>4. Partsbrev - Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2</p> <p>Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering AVSLUTTA</p>
28/18	Oppfølging – FR kulturminneforvaltning	04/06		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne. 2. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019. 3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.
29/18	Oppfølging – Rapport om oppfølgingstenesta i S&Fj	04/06		<p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang mykje positivt forbetningsarbeid på bakgrunn av tilrådingane som kom fram i rapporten frå Nordlandsforskning om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

				2. Utvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, inkludert dokumentasjon på tiltaka som gjennomført, innan 30.10.2018.
30/18	Rolla til KU i S&F og H fk ved samanslåing – arbm 3	04/06		17/7562 - Vedtak: Det vart ikkje gjort vedtak i saka AVSLUTTA
31/18	Prosjektlear/Frm orienterer om status for arbeidet med regionsreforma	04/06		18/6463 - Vedtak: 1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. 2. Kontrollutvalet ber om at prosjektlear/fylkesrådmann kjem i møte 20.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.
32/18	Val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune	04/06		17/4179 - Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak: Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden. <ul style="list-style-type: none"> • Ein går i dialog med SF - revisjon IKS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra. • Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01 .01 .2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.
33/18	Sogn og Fjordane fk sin eigarskap i SF-revisjon IKS	04/06		18/6465 - Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: 1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. 2. Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF - revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020. AVSLUTTA
34/18	Oppfølgingsliste 4-2018	04/06		18/39 - Vedtak: Oppfølgingsliste 4 – 2018 vert teken til orientering. AVSLUTTA
35/18	FR av innkjøp – tilleggsbestilling	04/06		17/562 - Vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

				<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering. 2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.

Oppdatert 16.08.2018